



Lene Bjørnø

Referanser:

Dykkar:

Vår: 22/4224 - 22/66762

Saksbehandlar:

Ole Martin Bolset

ole.martin.bolset@alver.kommune.no

Dato:

06.09.2022

Løyve til mindre vesentleg endring av reguleringsplan RV565 Tolleshaug - Soltveit med arm til Manger - PlanID 1260 2006 000800

VEDTAK

«Alver kommune godkjenner søknad om mindre endring av reguleringsplan RV565 Tolleshaug – Soltveit med arm til Manger, med planID 1260 2006 000800, slik det går fram av plankart datert 30.06.2022. Vedtaket er gjort med heimel i plan- og bygningslova § 12-14.»

Bakgrunn for søknad

Alver kommune har mottoke søknad om mindre vesentleg endring av reguleringsplan RV565 Tolleshaug – Soltveit med arm til Manger, planID 1260 2006 000800. Forslagsstillar er Vestland fylkeskommune og utarbeidande konsulent er Sweco AS.

Hovudformålet med endringa er å leggje til rette for ei betre linjeføring for påkobling til eksisterande veg.

Utbygginga av riksvegen vil skje i fleire etappar. Bakgrunnen for at det no gjerast ein ny reguleringsendring i dette området er at detaljprosjekteringa har avdekket behov for å endre linjeføring for påkobling til eksisterande Slettevegen i påvente av utbygging av ny RV sør for rundkøyringa. Som eit resultat av dette må planområdet utvidast, for å kunne ta med ein større del av Slettevegen. Infrastruktursona i noverande plankart utvidast òg inn i det utvida planområdet, slik at eksisterande føresegn § 7.3 òg er gjeldande for dette området.

For nærmare omtale av endringa visar ein til vedlegg 1.

Endringa gjeld kun plankart, nærmare bestemt blad nr. 7.

Planprosess

Forslag til planendring har vore ute på ei begrensa høyring til grunneigarar, naboar og offentlege mynde. Det er mottatt 2 merknadar på saka.

Merknadane er svart ut i merknadsskjema, og administrasjonen stiller seg bak forslagsstillar sine kommentarar.

Vurdering

Kommunen vurderer det slik at endringene ikkje vil ha noko verknad for gjennomføringa av planen for øvrig, at dei ikkje vil gå utover hovudråmene i planen, og at dei ikkje vil råke omsynet til viktige natur- og friluftsområde. Kommunen vurderer at endringane er av ein storleik som gjer til at dei fell inn under planendringar som kan handsamast administrativt utan politisk handsaming, jf. pbl § 12 – 14, og Alver kommune sitt gjeldande delegeringsreglement. Kommunen har vurdert den innkomne søknaden, og kan ikkje sjå at endringane vil medføre ulemper for naboar i og utanfor planområdet.

Om klage og verknad av plan

Vedtaket om godkjenning kan klagast på av den som er part eller har rettsleg klageinteresse, jf. Plan og bygningslova § 12-12 tredje ledd. Klagefristen er 3 veker frå denne kunngjeringa, jf. Forvaltningslova § 29. Eventuell klage bør grunngjevast og skal stilast til Alver kommune si plan- og byggesaks avdeling ved følgjande adressat:

Alver kommune, postboks 4, 5906 Frekhaug, eller som e-post til post@alver.kommune.no

Reguleringsplanen fastset framtidig bruk i området, og er bindande for nye tiltak og utviding av eksisterande tiltak, jf. Plan- og bygningslova § 12-4. Det vert og vist til plan- og bygningslova §§ 15-2 og 15-3 om krav til innløyising og erstatning for tap ved reguleringsplan. Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. Forvaltningslova § 27 bokstav b.

Med vennleg helsing
Alver kommune, Plan og byggesak

Are Frøysland Grande
Avdelingsleiar

Ole Martin Bolset
Rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Vedlegg:

1. Notat - reguleringsendring Rv565 Tolleshaug - Soltveit med arm til Manger PlanID 1260 2006 000800_11072022
2. Plankart_Blad nr. 7 Reguleringsplan for RV565 Tolleshaug - Soltveit med arm til Manger PlanID 12602006000800
3. Merknadsskjema - offentlig ettersyn

Mottakarar:

ANNBJØRG GRINDHEIM	SLETTEVEGEN 243	5936	MANGER
ARNE MARÅS	SLETTEVEGEN 172	5936	MANGER
Bkk Nett	Postboks 7050	5020	BERGEN
HENNING KOPPERDAL	SÆVDALSVEGEN 1	5936	MANGER
JAN KARSTEIN FLOEN	SLETTEVEGEN 241	5936	MANGER
JARL GUNNAR GRINDHEIM	SLETTEVEGEN 243	5936	MANGER
Kulturminnevern og friluftsliv v/ Bente Kopperdal Hervik	Postboks 4	5906	Frekhaug
Landbruk v/ Laila Bjørge	Postboks 4	5906	Frekhaug
Lene Bjørnø			
Plan og analyse v/Kristin Nåmdal	Postboks 4	5906	Frekhaug
Statens Vegvesen Region Vest	Askedalen 4	6863	LEIKANGER

Mottakarar:

Statsforvaltaren i Vestland
Sweco Norge AS Avd Stavanger
VA v/ Arne Helgesen
Veg v/ Irene Wilhelmsen
Vestland fylkeskommune

Kaigaten 9
Postboks 97
Postboks 4
Postboks 4
Postboks 7900

5020 BERGEN
4068 STAVANGER
5906 Frekhaug
5906 Frekhaug
5020 BERGEN